

Frist: 24. april

Sendes til: postmottak@krd.dep.no

Årlig rapport BOLYST

Til: KRD

Fra: Lærdal kommune, prosjekt kulturbasert entreprenørskap

Dato: 23.april 2012

Kommune:	Lærdal kommune
Prosjektnavn:	Prosjekt kulturbasert entreprenørskap – for, av og med ungdomen
Prosjektleder:	Helge Evensen Bjørkum helge@jordeple.no Telefon 977 68 250
Leder i styringsgruppen:	Helene Maristuen Helene.Maristuen@laerdal.kommune.no Telefon 918 77 565
Kontaktperson i fylkeskommunen:	Aud Jonstad Baardsen
Forankring av prosjektet (flere kryss er mulig)	a) <input checked="" type="checkbox"/> Styringsgruppe b) <input checked="" type="checkbox"/> Forankring i befolkningen c) Samarbeid med andre aktører lokalt, regionalt eller nasjonalt
Mål og eventuelle delmål med prosjektet. I hvilken grad har prosjektet nådd eller er prosjektet på vei til å nå sine mål?	<p>Hovudmålsetsejinga til prosjektet er at Lærdal skal vera ein stad der ungdomen trivast, er stolt over å koma frå og der ungdomen har lyst til å vera. Dette skal vi nå gjennom dei tre A'ane Arbeid, Arrangement og Attraktivitet.</p> <p>Arbeid</p> <p>Sumarjobbprosjektet: Prosjektet har etablert jobbportal for utlysing av sumarjobbar og faste stillingar (www.jordeple.no). Jobbportalen er kjend for arbeidsgjevarane i kommunen, som lyser ut gratis. Ungdomane er godt kjende med jobbportalen og brukar denne. Nettsida vår har ca 1000 treff i månaden. Det er ungdomsbedrifta Lærdal digital som har levert løysinga.</p> <p>Guiding: Det er etablert samarbeid med prosjekt berekraftig reiseliv om guiding på Gamle Lærdalsøyri i sesongen. Det er lagt</p>

vekt på vertskap og at guidane vert godt kjende med lokalsamfunnet gjennom arbeidet.

Levande turistinformasjon/serviceguide og Trøbilsafari: Dette prosjektet vert å sjå i samanheng med «Guiding-prosjektet».

Ungdom og entreprenørskap: Prosjektet har etablert ein god dialog med grunnskulen og dei einskilde elevbedriftene, og vi er ressurspersonar i entreprenørskapsarbeidet deira. Prosjektet har vore inne i skulane ved fleire høve. I tillegg har ein bidrege til oppstart av to nye enkeltpersonføretak i kommunen og ein har lagt stor vekt på å inspirere ungdomar til å drive gründerverksemd. Det er også planlagt ei entreprenørskapsmesse som vert arrangert den 27. april.

Attraktivitet:

Etablering av heimeside: Prosjektet har etablert heimeside. www.jordeple.no. Heimesida er den viktigaste informasjonskanalen til prosjektet. Der er det også høve til å melda seg på eit nyhendebrev.

Stogg handelslekkasjen: Prosjektet har teke initiativ ovanfor handelsnæringa om samarbeid, og ventar på tilbakemelding. I mellomtida er det gjennomført marknadsundersøking i regi av prosjektet.

Kulturell nettverksbygging: Ein arbeider for tida med å planleggja ein studietur for festivalar/store arrangement. Å knyte kontaktar til andre miljø med meir kompetanse vil vere ein viktig del av den kulturelle nettverksbygginga.

Lokalmat: Prosjektet vert å starte i samanheng med «stogg handelslekkasjen» men er førebels ikkje sett i gang.

Jordeple Film Productions: Film er eit medium som er interessant for mange og som lett spreier seg på sosiale media og på internett elles. Me meiner dette prosjektet treff rett i målgruppa til prosjektet og engasjerer mange ungdomar. Me ynskjer å byggja opp eit ungt kompetansemiljø rundt amatørfilming. Dette vil engasjera mange ungdomar og gjera dei betre kjende med kommunen. Dette prosjektet er no i gang og skal arbeidast vidare med utover sumaren og hausten.

Arrangement

Temakveld for ungdom: Ungdomen i Lærdal tok sjølv initiativ ovanfor prosjektet til å starte temakveldar. Ein vel ut eit tema,

	<p>etter innspel frå målgruppa, og syner filmar og/eller gjer andre aktivitetar tilknytt temaet. Dette har vore arrangert med stor suksess.</p> <p>Lærdalsturneringa: Prosjektet bidreg med ein del utanomsportslege aktivitetar til fotballturneringa, i tett samarbeid med Lærdal idrettslag som er hovudarrangør. Målet er at Lærdalsturneringa skal verta eit fast innslag som alle ungdomar i Lærdal kan gle seg til, ikkje berre dei sportsinteresserte.</p> <p>Jordeplerock: Planlegginga av Jordeplerock er i full gang, og det er sett ned eit arbeidsutval. I næraste framtid vil ein arrangera eit informasjonsmøte med befolkninga og næringslivet og ansvarsfordelinga vil bli konkretisert.</p> <p>Onsdagskonsertar: Onsdagskonsertar er under planlegging, og skal vonleg arrangerast i sumar.</p>
<p>Målgrupper for prosjektet, når prosjektet frem til disse?</p>	<p>Målgruppa til prosjektet er hovudsakleg ungdomen i Lærdal. Prosjektet når fram til desse gjennom informasjonskanalar som heimesida www.jordeple.no, Facebook-sida Kulturbasert Entreprenørskap og Twitter @KultEntreprenor. I tillegg når vi fram til ungdomen gjennom ulike arrangement tilpassa målgruppa, og vi har direkte kontakt med mange av dei. Kvar torsdag har vi ope kontor på ettermiddag/kveld, der ein del ungdomar er innom.</p> <p>Prosjektet har også vore aktivt inne i skulane og hatt både føredrag og workshops med elevane. Me har også vore ressurspersonar i entreprenørskapsarbeidet.</p>
<p>Resultat som er oppnådd i form av aktiviteter eller tiltak</p>	<p>Prosjektet har allereie oppnådd fylgjande mål og/eller tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arrangert avsparkskonferanse og spreia mykje engasjement i befolkninga • Lansert nettstaden www.jordeple.no med tilhøyrande jobbportal • Arrangert temakveld for ungdom • Har hatt mykje kontakt med unge gründerar (også elevbedrifter og ungdomsbedrifter) og har bidrege til oppstarting av to enkeltpersonføretak. • Planlagt entreprenørskaps- og karrieremesse som arrangerast fredag 27. april. • Det har vorte starta omdømmearbeid i samarbeid med Lærdal kommune • Jordeple Film Productions er starta opp og det vert arrangert «filmmøter» og andre treffpunkt mellom ungdom for å samarbeide og utveksle erfaringar kring filming

	<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet har arrangert kurs i søknadsskriving saman med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Målet er at eldsjelene i kommunen skal ta ein større del av tilskotsordningar som finnast på regionalt og nasjonalt nivå.
Vurdering av framdrift i forhold til opprinnelig plan	<ul style="list-style-type: none"> a) Følger opprinnelig plan b) Forsinket pga. c) <input checked="" type="checkbox"/> Det er foretatt følgende justering (/legge ved framdriftsplan) <i>(Oppdatert framdriftsplan for prosjektet er vedlagd rapporten)</i>
Oppnådde resultater Hvor geografisk konsentrert har prosjektet hatt/vil ha effekt? (Kryss av)	<ul style="list-style-type: none"> a) Helt lokal effekt b) <input checked="" type="checkbox"/> Effekten kommer innen flere kommune i regionen. c) Effekten kommer i hele fylket d) Effekten kommer i eget og andre fylker e) Effekten kommer i eget fylke, samt andre fylker og/eller utenfor Norge f) Vet ikke/ikke relevant <p><input checked="" type="checkbox"/> Rundt om: Prosjektet har vorte lagt merke til utover kommune- og fylkesgrenser, og har bl.a. motteke ein del spørsmål om føredrag og presentasjonar av prosjektet på konferansar både i eige fylke og i andre landsdelar.</p>
Kort beskrivelse av metodikk i prosjektet (max 250 ord)	<p>Prosjektet er så godt som råd organisert etter Lærdal kommune sin vedtekte PLP-metodikk og standard prosjektmetodikk.</p> <p>Prosjekteigar er Lærdal kommune. Prosjekteigar har peika ut prosjektansvarleg som også er leiar i styringsgruppa. Styringsgruppa har det overordna ansvaret for prosjektet, og gjev oppdrag til prosjektleiar, som delegerer til resten av prosjektadministrasjonen. Prosjektadministrasjonen førebur saker og føl opp styringsgruppa på vegne av prosjektleiar. Prosjektadministrasjonen har fem tilsette. I tillegg er det tilsett ein prosjektkonsulent på timebasis som rådgjevar for både styringsgruppa og prosjektadministrasjonen.</p> <p>Styringsgruppa har vedteke prosjektplan som inneheld handlingsplan og budsjett for prosjektperioden. Dette er det overordna styringsdokumentet til prosjektet, og inneheld mål og strategiar for arbeidet.</p>
Overføringsverdi for eksempel til andre lokalsamfunn	<p>På noverande tidspunkt, midt i prosjektperioden, er det vanskeleg å seie sikkert kor stor overføringsverdi prosjektet har.</p> <p>Basert på seks månaders drift meiner vi likevel å kunne sjå at overføringsverdien er stor. Prosjektet er nokså unikt fordi det er</p>

	<p>«for, av og med ungdomen». Heile prosjektet er drive av ungdomen i Lærdal, og det var også ungdomen som starta prosjektet. Det å skape eit så sterkt engasjement rundt lokalsamfunnet sitt, og å få ungdomen til å føle eit sterkt tilhøyre til heimstaden kan vera nyttig lærdom for andre kommunar/lokalsamfunn. Ungdomane er viktige for framtidig utvikling av kommunen/lokalsamfunnet, og dette er noko andre kommunar/lokalsamfunn kan bruke og verte inspirerte av. Å læra korleis ungdomen kan engasjerast for å bli glad i og buande i kommunen sin bør vera svært interessant for mange kommunar.</p> <p>Å måle overføringsverdien på dei konkrete underprosjekta er vanskeleg pr. i dag fordi prosjektet ikkje er avslutta og det er ikkje gjennomført konkrete resultatmålingar.</p>
<p>Ekstern kommunikasjon og deltakelse på samlinger med utgangspunkt i prosjektet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Prosjektet har arrangert ein eigen avsparkkonferanse for samarbeidspartnarar og innbyggjarar i Lærdal med svært positive attendemeldingar. • Prosjektet har delteke med presentasjon av heile prosjektet eller konkrete delprosjekt bl.a. i Sogndal kommune og «Sats på Skulen – Snu Sogn» • Prosjektet er invitert til å halda føredrag på Bygdeforum Sogn og Fjordane og ein utviklingskonferanse i Nordland
<p>Regnskap (satt opp slik at det kan sammenlignes med budsjettpostene)</p>	<p>Rekneskapen kjem som eige vedlegg til rapporten.</p> <p>Pr. 20. april 2012 har ein bidrege med 1024,8 timar på eigenfinansieringa.</p>
<p>Hvilke målsettinger i distrikts- og regionalpolitikken hører prosjektet inn under? (Sett kryss ved svaret, flere svar er mulig)</p>	<ul style="list-style-type: none"> a) <input checked="" type="checkbox"/> Stabilisere eller øke befolkningen b) <input checked="" type="checkbox"/> Styrke, sikre eller etablere arbeidsplasser c) <input checked="" type="checkbox"/> Opprettholde/videreutvikle eksisterende virksomhet eller bidra til nyetableringer d) <input checked="" type="checkbox"/> Økt innovasjon eller innovasjonsevne e) <input checked="" type="checkbox"/> Økt kompetanse (både realkompetanse (både realkompetanse og formalkompetanse) for målgruppen f) <input type="checkbox"/> Økt tilgjengelighet (bedre veier, havner, andre transporttiltak og breibånd) g) <input type="checkbox"/> Styrke regionale sentra h) <input checked="" type="checkbox"/> Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som bosted eller lokaliseringssted for bedrifter? i) <input type="checkbox"/> Å gjøre stedet/kommunen/området mer attraktivt som reisemål?
<p>Gi en kort omtal av hvordan arbeidet er tenkt</p>	<p>Etter prosjektperioden ser vi det som naturleg å setje ned eit kommunalt «bulystutval» som kan halda fram arbeidet. Noko av aktiviteten bør drivast på dugnadsbasis, medan andre deler av</p>

videreført etter prosjektets slutt (maks 250 ord)	prosjektet som er meir økonomisk levedyktige bør drivast gjennom eit føretak. Enkelte deler av prosjektet kan også overførast andre organisasjonar.
---	---